

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 21.04.2008
Sakhandsamar: Torleiv Bergland
Saka gjeld: **Tilskot til dekning av pensjonskostnader i samband med bestillinga 2008 for Haraldsplass Diakonale Sykehus AS**

Arkivsak 0

2006/458/123

Styresak 041/08 B

Styremøte 07.05. 2008

Bakgrunn:

Haraldsplass Diakonale Sykehus AS (HDS) er ei privat ideell verksemd som har driftsavtale med Helse Vest.

Forholdet til Helse Vest er regulert gjennom ein rammeavtale og ei årleg bestilling. Bestillinga inneheld mellom anna føringar om behandlingstilbod, prioriterte pasientgrupper, årleg økonomisk ramme og eventuell annan prisfastsetting, volum/kapasitet på tenestene, kvalitet, osv.

I samband med bestillinga for 2008 har HDS bedt Helse Vest om tilskot til dekning av pensjonskostnader. Tilsvarande forhold vart lagt fram for styret i samband med bestillinga for 2007, jf. styresak 07/52.

Kommentarar:

I. Bestillinga for 2007

Stortinget vedtok i samband med statsbudsjettet for 2007 å løyve ein mrd. kroner til dekning av auka pensjonskostnader. Auken i kostnader skuldast endringar av kriteria for berekninga av pensjonskostnader.

Private ideelle verksemder med driftsavtale med regionalt helseføretak var inkludert i ekstraløyvinga.

Når det gjeld fordelinga av midlar til dekning av pensjonsutgifter blei berekninga som vart utført av KLP, og som var grunnlaget for overføringane frå Helse- og omsorgsdepartementet (HOD), satt til 4 841 000 kroner når det gjaldt HDS. Det er det same beløpet som Helse Vest fekk opplyst direkte frå KLP.

Parallelt med dette fekk HDS òg utført berekningar frå KLP og fekk oppgjve eit beløp på 7,5 mill. kroner som ekstra pensjonskostnader. I ettertid innrømma KLP at berekninga for departementet og det som er vidareformidla til Helse Vest, var ei skjønsmessig vurdering og såleis ikkje korrekt. I samband med bestillinga for 2007 kravde derfor HDS at dei fekk 7,5 mill. kroner til dekning av pensjonsutgifter, dvs. 2,7 mill. kroner meir enn tildelt.

I sak 07/52, som omhandla tilskot til dekning av pensjonskostnader i samband med bestillinga 2007 for HDS, vedtok styret i Helse Vest RHF følgjande:

Helse Vest vil ta opp spørsmålet om berekning av pensjonskostnader med Helse- og omsorgsdepartementet i forbindelse med budsjettet for 2008, med sikte på å kompensere det manglande mellomlegg. (Saka blei endra frå orienteringssak til ei avgjerdssak.)

Helse Vest bad i brev av 28. juni 2007 til HOD om at HDS blei kompensert for manglande tilskot til pensjonskostnader (saksbehandlarfeilen på 2,7 mill.) i budsjettet for 2008. HOD svarte i brev av 8.oktober 2007 at nivået på tilskotet og fordelinga av ein ekstra milliard blei gjort ut frå grove berekningar utført av KLP, og at det såleis ikkje vert gitt særskilte tilskot til HDS.

Helse Vest administrasjonen har i tillegg tatt dette spørsmålet opp med HOD ved fleire høve, utan at ein har kome nærare ei tilfredsstillande løysing for HDS.

II. Bestillinga for 2008

Følgjande går fram av St. prp. nr. 10 (2007-2008) Om endringer i statsbudsjettet for 2007 under Helse – og omsorgsdepartementet, under avsnittet *Håndtering av økte pensjonskostnader i regionale helseforetak i 2007* :

Norsk Regnskapsstiftelse (NRS) kom i juni 2007 med ny veiledning for fastsettelse av økonomiske forutsetninger ved pensjonsberegning for ytelsesbaserte pensjonsordninger.

Dette innebærer at helseforetakenes pensjonskostnader (inkludert private ideelle virksomheter som er etablert innenfor RHFenes "sørge for"- ansvar) vil øke med om lag 3,2 mrd kroner i 2007 og med om lag 2,2 mrd kroner i 2008 sammenlignet med kostnadsnivået som ble lagt til grunn ved utarbeidelsen av statsbudsjettet for disse to årene. Det ligger videre an til en økning av pensjonspremiene i 2008. Pensjonskostnader er en ikke-betalbar kostnad og påvirker således ikke foretakenes likviditet. En eventuell økning av pensjonspremier i 2008 vil derimot påvirke foretakenes likviditet. Departementet er gjort kjent med at private virksomheter også vil få økte pensjonskostnader og – premier.

I stor grad forklares kostnadsøkningen ved at veilederen legger til grunn at lønnsveksten framover vil bli høyere og det langsiktige rentenivået lavere enn det som tidligere har vært lagt til grunn ved beregning av pensjonskostnadene.

I omtalen av pensjonskostnader i St. prp. nr. 1 (2007-2008) Helse- og omsorgsdepartementet heter det: "De økonomiske forutsetningene har stor innvirkning på de regionale helseforetakenes årlige pensjonskostnader"... "Regjeringen vil komme tilbake til håndteringen av eventuelle avvik som måtte oppstå som følge av disse svingningene."

For 2007 foreslår regjeringen at de økte pensjonskostnadene som følger av endrede økonomiske parametere unntas fra resultatkravet som er stilt til de regionale helseforetakene. Regjeringen vil senest i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett for 2008 komme tilbake til hvordan saken skal håndteres i 2008, herunder konsekvenser for private ideelle institusjoner som er etablert innenfor de regionale helseforetakenes "sørge for"-ansvar.

For å unngå eventuelle likviditetsmessige problemer hos de private ideelle institusjonene, foreslås det på samme måte som i St. prp. nr. 26 (2002-2003) Om endringer under enkelte kapitler på statsbudsjettet medregnet folketrygden for 2002 under helsedepartementet, at de regionale helseforetakene gis anledning til å bruke driftskredittene til å yte likviditetslån til økte pensjonspremier hos de private ideelle institusjonene som er etablert innenfor de regionale helseforetakenes "sørge for"-ansvar.

RHFa har fram til 31.12.2006 kunne levere korrigerede regnskap, kor fulle avskrivingskostnader eller uforutsette kostnader (som for eksempel auka pensjonskostnader) kunne bli unntatt frå årsresultatet. Det må likevel understrekast at RHFa/HFa har måtte dekkja auka pensjonskostnader som ikkje har blitt finansiert av staten over eigenkapitalen, på same måte som eit kvart underskot må dekkast inn etter rekneskapslova. Dei private ideelle verksemdene har meddelt Helse Vest at dei ikkje har høve til å unnta slike kostnader frå resultatkrava.

HDS har gitt klart uttrykk for at verksemda ikkje har høve til å dekke dei auka pensjonskostnadene for 2007 og 2008 over driftsbudsjetta. I samband med etablering av HDS AS som driftsselskap vart eigedomane og store deler av den opptente kapitalen lagt i "morselskapet". Balansen i driftsselskapet er såleis relativt lett, og eigenkapitalen som er tilgjengeleg i driftsselskapet er avgrensa. I sum har HDS sendt Helse Vest ei rekning på 32,6 mill. kroner for pensjonskostnader som ikkje er dekt inn (7,5 mill. kr for 2006, 2,7 mill. kr for 2007 og 22,4 mill. kr for 2008).

Det er gjennomført drøftingar i samband med bestillinga for 2008 med alle dei private ideelle verksemdene. Alle verksemdene har tatt opp spørsmålet om dekning av pensjonskostnader. Både dei private ideelle og Helse Vest var innforstått med at vi ikkje kan løyse dette spørsmålet åleine, men at HOD må kome med føringar for korleis desse utfordringane skal handterast.

På den bakgrunn blei det innarbeidd eit avsnitt i bestillinga for 2008 som partane var einige om (gjeldande for alle dei private ideelle verksemdene), slik at vi kunne få signert bestillinga og avklare pensjonskostnader særskilt når HOD har tatt stilling til korleis auka pensjonskostnader skal handsamast.

Dette avsnittet lyder:

Begge parter legg til grunn at det i revidert nasjonalbudsjett 2008 vert gitt kompensasjon for auke i pensjonskostnader knytt til endringar i dei økonomiske føresetnadene. Dersom dette ikkje skjer, kan Helse Vest kontaktast for nærare drøfting, jf. òg punkt 14.1 i rammeavtalen.

Per i dag er det berre HDS som ikkje har signert bestillinga for 2008. Vi vil i denne samanheng vise til brev frå HDS, vedlagt.

Fleire private ideelle verksemdar har, etter at dei har signert bestillinga, sendt inn likelydande førespurnader om dekning av auka pensjonskostnader. Dei viser til avsnitt tatt inn i bestillinga som lyder: *I den grad Helse Vest i 2008 kompenserer egne helseføretak for ekstraordinære lønns- og pensjonsutgifter vil også N.N. få tilsvarende kompensasjon. Det er ein føresetnad at Helse- og omsorgsdepartementet har satt slik likebehandling som vilkår.*

Dei private ideelle verksemdene er av den oppfatning at Helse Vest gjennom den aksept som er gitt av statsråden til underdekking av pensjonskostnader på RHF-nivå også kan inkludere kostnadene for dei private ideelle. Helse Vest er ikkje av same oppfatning da Regjeringa seinast i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett for 2008 vil komme tilbake til korleis saka skal handterast i 2008, medrekna konsekvensane for private ideelle institusjonane som er etablert innafor de regionale helseføretaka sitt "sørgje for"-ansvar. Dersom det er ei auke i premien som den enkelte institusjon ikkje klarer å handtere innafor si likviditetsramme, vil Helse Vest løyse dette gjennom å gi likviditetslån..

Helse Vest oppfattar ikkje at vi skal løyse ut HDS eller dei andre private ideelle verksemdene og at Helse Vest eventuelt skal rette eit krav til HOD i ettertid. Helse Vest vil måtte vente på HOD si handtering av pensjonskostnadene etter at saka har vert lagt fram i revidert nasjonalbudsjett våren 2008.

Forslag til vedtak:

Helse Vest vil vente på HOD si handtering av pensjonskostnad etter at saka er behandla i revidert nasjonalbudsjett våren 2008, før det blir gitt endeleg tilbakemelding til HDS og dei andre private ideelle verksemdene på kravet om dekning av pensjonskostnader.